



Lys i jölenatt

...og andre forteljingar

Bente Bratlund

Bjørn T. Bøe

Vidar Bratlund *Mælund*



Jul i støvo

Årleg julehefte til barneskulane i Os

Ugjeve av Epiphany bøker

bok.epiphany.no

facebook.com/julistovo

Ansvarleg redaktør:

Vidar Bratlund- Mæland

Jul i støvo vert utgjeve med stønad
frå Os kommune sine KUP-midlar.

Bidragstatarar:

“Pings jul”

Tekst og ill.: Vidar Bratlund-
Mæland

“Den vesle engelen”

Tekst: Bente Bratlund

Ill.: Vidar Bratlund-Mæland

“Skulenissen”

Tekst: Bjørn T. Bøe

Ill.: Vidar Bratlund-Mæland

“Lys over julenatt”

Tekst og ill.: Vidar Bratlund-
Mæland

Pings jul

av Vidar Bratlund-Mæland

På sørpolen er det mange pingviner, men det er berre to eg skal fortelja om no. Det er om Ping og Gumle og deira jul. Ping er ein liten kongepingvin og Gumle ein litt større klippepingvin. Du lurar kanskje på korleis to

forskjellige pingviner frå kvar sin plass møttes? Ping kom frå Dronning Mauds land der han spelte dam med forskarar på Troll, forskningsstasjonen. Og ein dag ville han oppleve verden, det var da han møtte Gumle og dei bygde



sitt eige Trollhus i snø. Det nærmar seg jul, og Ping kan nesten ikkje



vente. Hos menneska på Troll hadde han sett korleis dei laga jul. Han starta tidleg å byggja juletre i snø, pynta med steinar og tang. Han hadde baka dei sju slaga julekaker av sild,

og laga julegate mellom snøhusa. Alt dette var ting menneska hadde vist han på lysebretta sine, og dei hadde óg gjort ein enkel versjon av det på husa sine. Éin ting gjorde

Ping litt skuffa: Steinane på menneska sine tre lyste, og han prøvde med alle metoder å få det til, men klarte ikkje å få steinane til å lysa av seg sjølve.



Gumle følgde med på prosjektet til Ping, og det demra for han at det var éin ting som kunne gjera Ping svært skuffa denne fyrste jula:

Nissen.

Han hadde aldri før no høyrte om nissen, at menneska fekk besøk av han kvar jul. Det måtte bety at nissen ikkje pla kome til pingvinar. Ping vil bli svært skuffa. Og det kan

ikkje Gumle sjå på. Det går opp for han at natta før jul må han vera nissen. Ping kjem garantert til å venta vaken, så dette vil ikkje bli lett.

Vesle julafta krøllar Ping seg forventningsfull inn under treet. Gumle strekjer på seg.

–God Natt, Ping. Eg går og legg meg no, seier han.

Ping ser smilande opp på han. –God natt, Gumle, eg ligg her og ventar på Nissen, eg.

Gumle smiler tilbake og tenkjer at dette blir ikkje lett. Han drar på seg ei raud lue han har rappa frå ein forskar på Troll.



Han har pakka inn nokre makrellar i papiret som lua var pakka inn i. No

er det berre å vente på at Ping skal sovne.

Gumle vakner av at
Ping roper i øyra hans.

–Nissen har vore her!

Nissen har vore her!

Gumle glipper med
augo. –Kva? Han ser for-
fjamsa opp på Ping. Men
Ping ser skrått på Gumle.

–Kvifor har du ein raud
sokk på hovudet?

–Æææ. Eg veit ikkje.
Gumle kjem akkurat på
kvifor, og at han ikkje har
klart å halda seg vaken
til å vera nisse. Han held
framleis på den innpakka
fisken som no er begynt å
lukte litt.



– Kva fekk du? spør han.

– Akkurat det eg ønskte
meg: Lys på snøtreet!

– God jul Ping!

– God jul til deg óg,
Gumle!"

Den vesle engelen

av *Bente Bratlund*

Den vesle engelen la auga mot eit stjernehol i himmelen og gløtta ned på jorda.

–Å, sjå bestemor, det er så mange lys der nede.

–Ja, sa bestemorengelen der ho sat i stolen med strikkesøyet sitt og gynga fram og tilbake.

–Det er jul, og då tenner dei ekstra mange lys der nede.

–Og så har dei dratt eit heilt tre inn i stova og tent lys på det også, lo den vesle engelen.

Ho bøygde seg endå tettare mot stjerneholet. –Og så ligg det gåver under trea.

Bestemorengelen nikka.

– Ja, slik gjer menneska, i alle fall på store delar av jorda. Dei gir kvarandre gåver når det er jul.

– Men... Den vesle

engelen blei brått taus.

– Det er urettvist, sa ho etter ein liten pause.

– Det er skikkeleg urettvist. For under somme tre er det så fullt med pakkar at greinene må bøyast bort for å få plass. Mens under andre tre er det berre nokre få pakkar. Kanskje berre ein einaste ein.

Den vesle engelen stogga og blei heilt stille.

–Og somme tre er det ingen pakkar under, kviskra ho.

Bestemorengelen lot strikkesøyet liggja roleg i fanget.

–Ja, så urettvist er det.

–Men då kan det jo vera at nokon ikkje får pakke då?

– Ja, det kan skje.

Den vesle engelen blei heilt, heilt stille.

–Vi må gjera noko, bestemor, vi må gjera noko.

Så blei den vesle engelen ivrig. –Du bestemor, du som er så glad i å strikka, du kan strikka fine sokkar til nokon. Så blir det ein pakke under treet.

Men så rynka den vesle engelen panna. – Korleis skal vi få sokkane ned der på jorda.

– Kanskje vi kan få nokon der nede til å gi for oss. At dei kan gi til dei som ikkje har.

–Ja.



Den vesle engelen lo høgt.

–Dei som får mange
pakker kan dela.

Den vesle engelen
gløymde å sjå ned gjennom
holet, ho dansa rundt.

–Når dei som har mykje
hugsar på å gje til dei som
ikkje har så mykje, då blir
alle meir glade. For ein blir
jo kjempeglad av å gje, ikkje
berre av å få.

Bestemorengelen nikka.
–Du er ein klok liten
engel du, det går an å dela.
Bestemorengelen sukka.

–Men det er så mange
som vil ha alt sjølv, og som
gløymer å tenkja på andre.

–Kva kan vi gjera med

det? spurde den vesle
engelen.

Ho la auga mot
stjerneholet igjen.

–Det er veldig mange som
har veldig mykje. Og endå
fleire som har så veldig
lite. Kan vi ropa ned til dei
og be dei dela?

Den vesle engelen såg opp
på bestemorengelen.

–Vi treng ikkje ropa, sa
bestemorengelen roleg.
Ho sat stille i gyngestolen
sin no.

–Vi kan kviskra. For oftast
høyrer folk best det som blir
kviskra. Og no kan du
og eg kviskra inn i hjarto
til dei der nede som har

så mykje, at den aller aller
største
gleda, det er å dela med
andre.

–Trur du dei vil tru
på oss? spurde den vesle
engelen.

–Dei kan jo prøva og
sjå om det er sant, smilte
bestemorengelen og nikka så
huda under haka dansa.

Skulenissen

av Bjørn T. Bøe

I eldste delen av skulen, høgt oppunder mønene, mellom himlingen og taket, der strekk det seg nokre små rom som ikkje ein gong vaktmeisteren kjenner til. Når skuletimen tek til, og alle gongane er tomme for born og lærarar, då dukkar det opp eit par gule auge frå skuggane her oppe, og

ein mystisk skapnad kjem varsamt klatrande ned. Han smyg seg rundt i gongane, og passar på at alt står bra til med skulebygga. Men så sky er han, at så snart skuleklokka visar teikn til å ringa fêr han som ein vind opp att i dei hemmelege krokane før nokon får ferten av han. Om det forsvinn ein

vante frå garderoben, eller det er tomt for tavlekritt, eller læraren klør seg i hovudet over at den siste kaffiskvetten i lærarkruset plutselig er borte, då er det truleg han som har vore på ferde. Nesten ingen veit om han, og endå færre veit kven han er. Dei som har sett han har berre sett ein skugge eller eit lite glimt av grått, og dei kviskrar seg i mellom: Det var sikkert skulenissen!

Ikkje tru på den som seier at han ikkje finst; skulenissen har budd i skulen heilt siden den vart bygd. Før det budde han i smug i lærarveska

til ein distré lektor som reiste rundt og underviste i distrikta. Men det er lenge sidan no. Han har vore her i skulen så lenge han kan hugsa. Og når det nærmar seg jul, ja då blir han litt meir dristig, for då gler han seg til to deilige veker der han får skulen heilt for seg sjølv, med fri for skrål og leven, fri for masete lærarar, og fri for snokete skuleelevar som har høyrd rykta om han og stel avgarde på nissejakt.

Det var nett ein av desse siste dagane før jul at nissen hadde gjestebod. Det var den gode venen



hans, Havrheinissen, som hadde kome heile vegen frå Liafjellet. På Liafjellet ligg Havrheitjørna, og det er viktig, for det er det første vatnet i Os som frys til is om vinteren. Det gjer at det er perfekt for fjellnissar som Havrheinissen, som best likar vinter og kulde. Og det var nettopp dette Havrheinissen sat og klaga over medan skulenissen gumla på tavlekritt og supte stolne kaffiskvettar frå ein fingerbøl han hadde knabba på handverksrommet.

–Det er desse nymotens klimaendringane, sutra Havrheinissen. –Det vert



rett og slett ikkje kaldt nok på Liafjellet lengre. I fjor var det jo nesten ikkje is på Havrheitjørna i heile tatt! Åååå, kvifor må menneska alltid finna på sånne moderne greier! kvein han, medan han drog i det pistrete skjegget sitt.

–Samma det vel, mumla skulenissen syrlig mellom knaska. – Då kjem det jo ikkje skokkar av ungar som skal gå på skeiser der. Då får du jo fred!

–Fred? hylte Havrheinissen. –Det er jo det beste som finst, når det kjem ungar til Havrheia!

Og det var sant, det var

det beste han visste. For ein av dei store utfordringane med å bu i eit høl i marka slik som Havrheinissen gjer er at det alltid er alskens ville dyr som vil søkja ly der nedi. Ei og anna markmus eller røsykatt kunne han tola, men om hausten måtte han gjerne spa ut frosk, padder og hoggorm som alle søkte til lune, om enn fuktige, ly for vinterkulda. Somme stunder blei hòla infisert av raudrev, noko som gjorde det svært trangt for nissen (han var berre glad det ikkje bur grevlingar på Os!). Men det aller verste var den gongen han titta ut av

hòla og fann til si skrekk ut at ein kronhjort hadde valt akkurat denne staden for å gjere sitt fornødne. Han plukka hjorteskitklumpar frå skjegget sitt i vekevis...

Men når det kom ungar til fjells? Å, då rømte alt som kunne krypa og gå så langt vekk dei kunne, og det i god tid, for skuleklassar på fjelltur kan høyrast heilt til nabokommunane. Då peip han av glede, og låg på lur, klar til å smita seg inn og knigga skorpene som ungane diskret stakk vekk, eller snika eit strå frå skjulestaden sin opp i ein heldig plassert kopp kakao, og slurpa i seg

så lenge han turde. (Har du lagt merke til at det ofte blir så fort tomt for kakao når du er på fjelltur? Det kan godt henda det har vore ein nisse på ferde...)

–Pøh, det høyrst jo heilt luksus ut, det der, knurra skulenissen. –Borte frå skrik og skråll og plagsomme, skingrande stemmer og kaffiandar som utruleg nok kjem inn i romma før læraren sjølv. Nei, du Havrheinisne, du veit ikkje kor godt du har det.

Skulenissen funderte på orda til venen sin medan



han frå takglugga såg han smetta over vegen og inn i buskane.

–Særleg, fnyste han til seg sjølv. –Det er berre elende med ungar og pakk! Gje meg heller slargar og salamandarar! Han sparka etter nokre vevkjerringar som spreidde seg langs mønene, då han la merke til at det var heilt stille i skulebygget, sjølv om det var midt på dagen. Kva var dette?

Han smaug seg ned i gongane, og ganske riktig, her var ikkje ei sjel. Forfjamsa lista han seg ut i skulegarden, men også her

var det tomt. Ikkje så mykje som ein ussel lærarvikar. Då hørde han noko. Sang? Det kom frå gymsalen. Eit merkeleg ljøs funkla liksom gjennom vindauga høgt der oppe. Han trådde varsamt ut på plassen, og smatt opp veggen som eit ekorn, slik at han kunne kika inn. Og det han såg gav han stjerner i augene. Eit stort, flott juletre, nydeleg pynta, skein opp frå midten av salen. I ring rundt gjekk alle elevane, lærarane og assistentane, ja til og med rektor, og sang den vakraste songen han hadde høyrd. Han vart sittande og sjå på dei, og la ikkje ein gong

merke til at det byrja snø lett, eller at han utan å tenkje seg om trakk kofta tettare om seg mot kulda. Så var det over, og elevane byrja trekkje mot utgongen. Det var ikkje tid til å smetta ned og inn i skulen, så nissen måtte skjula seg i skuggane. Han såg straumen av elevar flyta opp og inn i skulebygga, og var klar til å klatra ned, då han såg ein av dei siste elevane stoppa opp og dra ein lærar i ermet. Eleven peika mot gymsalen, og læraren såg etter. Så byrja dei å gå attende! Nissen reiste bust i panikk, og gjorde seg så liten han kunne. Han

hutra, no. Skulenissar er ikkje like glade i kulde som fjellnissar. Helsikens folk, kva skulle dei no? Sikkert laga meir bråk, kjende han dei rett. Men nei, dei hadde noko med seg... Kva var det? Dei sette det ned rett utanfor gymsalen, såg seg rundt, og gjekk attende til skulen. Dei andre elevane i klassen stod og såg på, og heia på eleven og læraren, som småjogga gjennom den lette snøen. Då traff noko nesebora til nissen. Ein duft. Den skjønaste dufta han kjende. Kunne det vere...? Han venta så lenge han klarte etter at skuleplassen var



tom igjen, så slapp han seg ned. Og der, på rista utanfor gymsalen, ganske riktig: Ein liten bolle med risengrynsgraut, med eit dampande smørauge og kanel og sukker.

Til han.
Dei skarpe trekka i andletet hans mjukna opp, og ei tåre trilla ned frå auget og forsvant i skjegget.
Kanskje det ikkje var så ille å bu i skulen, likevel.

Lys over julenatt

av Vidar Bratlund-Mæland

Det hadde vore ei flott julafta. Med opna pakker og fulle magar var familien i det kvite huset ved Blåbærskogen gått til ro, alle så nær som ein. Pappa får sjeldan ro i kroppen etter julefeiring. Som fleire år før må han ut på trappa for å ta inn siste bit av julenatta. Det er ei vakker julenatt.

Stjernene er klare på den mørke nattehimmelen. Han synst han kan høyre sang og god stemning inne frå skogen. Han ser inn, men skogen er like mørk som vanleg. Så, med eit lite knepp og eit *svotsj*, ser han ei stjerne falle i ei lysstrime mot jorda.

Inne i Blåbærskogen er den nye tradisjonen med julefest i godt sig. For Heimkjær er det alt langt

på kveld. Solgløtt, Skogsnissen og Grantrollet syng av full hals. Til og med nokre snøalvar har hengt seg på i år. Heimkjær er ikkje ein veldig sosial fyr. Og han såg tidlig sitt snitt til å begynna på oppvasken. No etter å ha vaska alt to gonger står han og ser ut på den vakre julenatthimmelen. Heimkjær løfter seg på tærne og ser ut og så opp mot himmelen. Noko fell. Eit stort klart stjeneskudd. Ei sein og glødane strime mot bakken.

–Merkelig. seier Heimkjær til seg sjølv.
Med uvant bestemt gange

tar han på seg ein genser, eit skjerf og vanter. Han tar dette høve til å få seg litt luft. Døra lukkast stille bak han og snøen knirker sprøtt under skoa.

Pappa står og ser på lysstripa på himmelen. Han har alltid hatt ønske om å finne ein meteorittstein. Planen var at han skulle leggja seg, men først ville han sitja litt ute med ein kopp med varmt og nyta den klare julenatta. Han kjenner at det vert ikkje slik no. Noko trekk han inn i skogen. Pappa klatrer over steingarden og går inn blandt trea for å

finna ein stein frå rommet, ei julestjerne.

Heimkjær klatrer over det store treet som velta i sist storm. Han høyrer bekken surkla under is ikkje langt vekke. Den lyse strima kjem nærare og nærare. Bakken rister litt og ei skodde legg seg rundt Heimkjær. Han kjenner snø virvla kaldt rundt kinnet. Han ser rundt seg når alt legg seg til ro att. Trea er urørte og står trygt. Han snur seg og ser attende på huset sitt, han puster letta ut og ser det og er urørt.

Pappa mister balansen litt

i det snø fell i fjeset på han frå toppen av eit tre.

–Der traff han bakken, seier han til seg sjølv mest for å roa nervene litt. Eg får sjå etter ein plass med smelta snø. Han ser noko glødane foran seg på bakken. Det er mykje større enn venta.

Heimkjær ser på det lysande feltet i snøen. Den lysande formen set seg opp. Heimkjær går nærare.

–Går det bra med deg? Han venter ikkje att formen skal svare, men han kjenner likevel ein trang til å spørja. –Ja. Ja det går bra. Eg

kom berre litt utav kurs. Det lysande reiser på seg.

Stemma svarer med ein mjuk klang. Men ikkje mjuk som i formlaus. –Eg skulle ikkje leika så mykje då eg for over himmelen. Det er vanskeleg å halda høgda då.

Pappa står og ser på lyset reisa seg. Og han synest tydeleg han høyrer det snakka. –Kven er du? spør han før han får tid til å tenkja seg om og ta til vet.

Silhuetten snur seg mot han og ser. – Er det fleire her? spør det varmt. Frå bak henne kikkar ein liten mann med bart fram.

Ein pitteliten mann, om det er det han er. Formen ser opp og ned på pappa.

–Eg er det dykk kaller julestjerna, men eg er ikkje ei stjerne. Eg vert ofte kalla Aftenglød. Ho ser skrått på han.

Heimkjær ser forbi henne på mannen. Det er han tjukke mannen i det kvite huset. –Du bur i huset ved skogbrynet gjer du ikkje?

–Jau, det gjer eg. Pappa ser overaska på han. – Men eg veit ikkje kven du er.

–Eg er Heimkjær Kollkar og er ein nabo av deg. Eg bur på hi sida av beitet i skogen.

Pappa ser på han. –Eg

møtte for nokre år sidan fleire av dei som bur i skogen på ein julefest her. Men eg såg ikkje deg der.

Heimkjær smiler til han. –Eg er ikkje kjent for å vera særleg sosial. Men eg prøver å bli bedre på det.

Ho i lyset ser frå den eine til den andre. –Kom de begge for å sjå meg kræsja her i kveld? Dei ser tilbake på henne.

–Eg trong luft og såg lyset. Heimkjær smiler mot henne.

Pappa ser forlegent opp på ho også. –Ja. Eg óg kom på grunn av lyset ditt. Eg trudde du var ein meteoritt. Eg liker ting fra

verdsrommet, skjønner du.

Ho smiler vart attende.
–Og så fekk du eit nytt møte med to ukjente naboer i staden. Ei frå himmelen du ser kvart år og ein nabo du passerer men ikkje ser, kvar dag. Du har fått mykje denne julenatta du, seier ho og ler.

–Eg må attende. Eg bør ikkje vera for lenge vekke frå himmelen denne natta. Folk blir fort engstelege. Men om de vil kan me møtast hjå Heimkjær her ein dag over jul for ein kopp te og kjeks. Om det er greit for deg Heimkjær? Han smiler opp til henne. –Det ville

gleda meg mykje.

Pappa nikkar og.
Den vetle kollkaren går bort og tar den tjukke pappaen i handa. Dei helsar kvarandre hjarteleg. Dei ser ho som kræsja ta av og sveva oppover forbi skyene som nettopp har dukka opp. Dei vert ståande i stilla litt.

–Så du er nabo?
Pappa ser ned på mannen med bart. Frå litt over knehøgdom nikker mannen opp att. Dei står tause litt til. –Har du dårleg tid? spør Heimkjær.



Pappa ser ned med eit smil. –Det er julenatt og alle søv. Nei eg har ikkje dårleg tid. Det er lått i stemma hans.

–Då blir du med rett bort på noko varmt hos meg. Det er fest hos meg nett no. Eg kan vanskeleg sjå for meg at Skogsnissen og Grantrollet har klart å avslutta enno. Når dei tek til å syngja og dansa kan lite stogga dei, ler Heimkjær.

–Då vert eg gjerne med der, seier pappa leande.

Dei suller seg sakte småpratande innover i skogen mot huset under steingarden. Over dei heng



Aftenglød og lyser opp vegen bort.

Godful



for us!

Ein vaskeekte juletradisjon

Det starta som ein Kald Kaffi Sauen julespesial, men heftet du held i hendene no er faktisk det sjette juleheftet frå Epiphany Bøker. Ein godt innarbeidd juletradisjon!

Heftet inneheld nyskrivne juleforteljingar frå Bente Bralund (*Prompebroren*), Bjørn T. Bøe (*Det er ein elefant i barnehagen*) og sjølvsgatt Vidar Bratlund-Mæland (*Kald Kaffi Sauen*).

Heftet vert delt ut gratis til skuleelevane i Os.

God jul frå Epiphany Bøker!



EPIPHANY BØKER



9 788293 330110 >

bok.epiphany.no